



GOL OG HEMSEDAL

Kyrkjeblad

Nr. 1


Februar 2019

70. årgang

INNHOLD

Min salme	2
Andakt	3
Den gong då.....	3
Lys vaken	4 & 5
Kyrkjevalget.....	6
Årsmøtereferat.....	6

Litt fra kyrkjene i Gol	7
Fasteaksjonen 2019.....	8
Dåpskjolar til utlån	8
Nye bønnekrukker	9
Kunngjeringar.....	10
Gudstenester	11
Soknepresten i anna kyrkjelyd...	12



MIN SALME

MARIT SMØTTEBRÅTEN



Marit Smøttebråten er pensjonert lærar. Ho er fødd og oppvaksen, og bur framleis, eit drygt steinkast frå kyrkja i Herad. Ho seier det slik når ho blir utfordra til å velja sin salme:

- Som min salme vel eg "Til Kjærleik Gud oss skapte". Den er skrivi av biskop Bernt Støylen, ein av våre fremste nynorske salmediktatar.

- Salmen handlar om korleis vi menneske bør leva og kva som er viktig i livet. Vi blir bedne om å ta vare på det vi har fått og vera takksame. Salmen gjev oss ei kjensle av tryggleik og von.

Marit utfordrar Hjørdis Mauritzsen som den neste frå Herad til å vera gjest i salmekroken.

Til kjærleik Gud oss skapte

T: Bernt Støylen 1917
M: Melchior Vulpius 1609

Til kjærleik Gud oss skapte,
til kjærleik hjarta trår.
Dei livsens lukke tapte,
som ei Guds kjærleik når.

Sin kjærleik Gud oss sender
i Sonen, Jesus Krist.
Dei som ei honom kjenner,
har ljós og lukke mist.

TEKST: KJELL SLÅTTEN FOTO: PRIVAT

Vår Herre gav oss livet
og lukka dag for dag.
Kva har me andre give
av ljós og hjartelag?

Han gav oss nådedagar,
sin rikdom til oss bar.
Men mange går og klagar
med hugen kald og hard.

Guds munn me skulle vera,
hans hand og hjartelag,
og Herrrens gjerning gjera
så lenge det er dag.

Han oss i hug og hender
legg kjærleiks kraft og liv,
og så han ut oss sender
med det som han oss giv.

Det er den største æra
som gjevest kan på jord:
Guds kjærleiks tenar vera.
Då livsens lukke gror.

Då veks den sanne gleda,
då vert vår livnad ny,
til eingong me får kveda
vår lovsong over sky.

GOL OG HEMSEDAL KYRKJEBLADE

Antall nr.: 6 nummer i året

Utgjevar: Kyrkja i Gol, Hemsedal og Herad

Redaksjon: Kjell Slåtten, Sølv Lærsen Aalrust (red.), Gunnar Rudningen, Kristine Viko, Anders Solbakken, Ludvig Munkejord.

Ekspedisjon: Kyrkjekontoret 3550 Gol

Kasserar: Arne Oddmund Tuv, 3560 Hemsedal.

Bankgiro: Sparebank 1 Hallingdal 2367.60.00097

E-post: oaalrust@online.no

GOL, HERAD OG HEMSEDAL

GOL KYRKJEKONTOR

Ekspedisjonstid månd – fredag 9.00–15.00

Gol kommunehus 3. etg. Tlf. 32 02 90 00
kyrkja@gol.kommune.no www.gol.kyrkja.no

Kyrkjeverje: Anne Gerd Jorde

Dir.tlf. 32 02 91 35 • Mobil: 971 58 134
anne.gerd.jorde@gol.kommune.no
Fridag torsdag.

Sokneprest: Jan Olav Skinnemoen

Dir.tlf. 32 02 91 37 • Mobil: 952 75 312
jan.olav.skinnemoen@gol.kommune.no
Måndag: Fridag.

Diakon: Martha Frøyland

Dir.tlf. 32 02 91 38 • Mobil: 476 27 663
martha.froyland@gol.kommune.no

Organist: Justin Vickery

Tlf. 474 75 580 • justin.vickery@gol.kommune.no
Kontortid onsdagar kl 14.30–16.00

Sekretær: Thorunn Haugo

Tlf. 32 02 91 39
thorunn-helene.haugo@gol.kommune.no
Kontortid: annakvar måndag, kvar tirsdag,
onsdag og torsdag

Kyrkjetenarar:

Ludvig Munkejord Tlf.: 911 22 763

Knut Ole Klepp Tlf.: 906 58 761

Trusopplærar for Gol og Hemsedal:

Britt Marie Haraldset Hafssås Tlf. 951 22 136
britt.marie.haraldset-hafssas@gol.kommune.no

HEMSDAL KYRKJEKONTOR

**Ekspedisjonstid månd – torsdag 9.00–15.00
fredag 9.00–12.00**

Hemsdal kommunehus Tlf. 31 40 88 45
kyrkjekontoret@hemsedal.kommune.no
www.hemsdal.kyrkja.no

Kyrkjeverje: Kjetil Th. Storebråten

Kontortid: Måndag–tors: 9.00–15.00
fre: 9.00–12.00

Tlf: 31 40 88 45 Mob: 908 21 745
kjetil@hemsedal.kommune.no

Sokneprest: Camilla Osnes

Mobil: 977 15 677 Måndag: Fridag.
camilla.osnes@hemsedal.kommune.no

Organist: Mikael Søndergaard Christensen

Tlf: +45 284 56 959 (Dansk mob)
lutemusic@gmail.com

Kantor:

Peter Rødel

Tlf: 950 49 045
cape10@hotmail.no

Kyrkjetenar: Wilfried Westera

Tlf. 971 09 922
wilfriedwestera@live.nl

Gravplassen: Hans Vidar Sørensen

Tlf: 911 76 827

Sokneråda:

Herad: Leiar Gunn Astrid Frøysok
Tlf. 990 34 376

Gol: Leiar Trygve Lono Smedsgård
Tlf. 900 63 161

Hemsdal: Leiar Sissel Rudningen
Tlf: 419 35 246

Fellesråda:

Gol: Leiar Ola Grønseth
Tlf. 920 97 939

Hemsdal: Leiar Unni Bjørke
Tlf. 906 54 701

Ynskjer du å gje ei gåve til kyrkja:

Hemsdal: 2367.20.49482
Gol: 2324.20.01354
Herad: 2324.62.05795



I dette nummeret av Kyrkjebladet leser vi om de flotte bønnekrukkene vi har fått! Vi er svært takknemlige for at vi kan gi bønnen større plass i gudstjenesten og live vårt. Bønnekrukkene er for alle, og vi håper at mange vil skrive hva de har på hjertet og legge bønnene sine til Gud i krukka.

I denne andakten vil jeg derfor dele noen tanker om bønn. Det står mye om bønn i Bibelen. Jesus ba ofte til sin Far i himmelen, og han ga oss bønnen vi ber i alle kirkelige handlinger og som mange bruker i sitt eget liv. Det er sagt mye fint om bønn, og enkelt kan vi si at bønn er å snakke med Gud. Som vi mennesker snakker med hverandre, har vi kontakt med Gud gjennom bønn. Han kan vi fortrolig si alt til, og bønnen er ikke begrenset verken til noen steder eller tider.

Når vi ber, kan vi bruke våre egne ord eller be bønner andre har bedt. Det er ikke alltid vi har ord eller har krefter til å finne dem. Da er det godt å hvile i andre sine bønner. I salmenes bok i Det gamle testamentet er det mange bønner både i takk og lovprisning og i nød og klage. I salmeboka er det også salmer vi kan be i ulike livssituasjoner. I Jesu liv rommer bønnen den dypeste nød i hans rop på korset: «Min Gud, min Gud, hvorfor har du forlatt meg!» til hans tillitsfulle bønn før han døde: «Far, i dine hender overgir jeg min ånd».

I bønn bærer vi fram for Gud hele livet vårt. Vi har mye å takke for, vi kan be om å ta gode valg i livet, og vi kan rope ut vår klage og våre hvorfor i ord eller bare med et sukk. Jesus sier: «Kom til meg, alle dere som strever og bærer tunge byrder, og jeg vil gi dere hvile». I bønnen kan vi si alt vi bærer på av skyld og skam, og det er en lettelse å få legge av seg det vi sliter med.

Bønn er også forbønn. Vi ber for hverandre og for verden. Jeg vil tro at det blir mange bønnelapper i krukka med bønn for de som strever, de som lever i fattigdom og krig og de som er syke. Mange som har det vondt og vanskelig setter også pris på at noen ber for dem. Bønn er ikke noen trylleformel som får alt ondt til å forsvinne. Vi opplever bønnesvar, og vi opplever at en bønn for alvorlig syke går over til å bli en bønn for de etterlatte. Er det da noen vits i å be? Ja, for en bønn til Gud vil alltid bli hørt og lagret i Guds hjerte. Det er også en trøst å vite at Jesus har sagt at han ber for oss.

ANDAKT

JAN OLAV SKINNEMOEN



FOTO: KJETIL TH. STOREBRÅTEN

Jeg vil også minne om bordbønnen og kveldsbønnen. Jeg leste nylig denne overskriften i ei avis: «Bordverset som forsvant». Det er synd, for bordverset gir Gud en naturlig plass i hjemmet vårt. I bordverset takker vi Gud for mat og drikke som han vil velsigne, og vi ber for de som ikke har mat at de også må mettes. Det er også en fin og trygg avslutning på dagen før nattas hvile å være en kveldsbønn. Ja, la oss be!

Den gong då...

Det var stadig vanlegare å bruke bilete i Kyrkjebladet. Ikke minst gjekk foto av kyrkjene ofte att.

Sommaren 1982 var fyrste gongen det var brukt fargefoto i bladet. Nummer 4 og 5 det året var slått saman til eit stort jubileumsblad i samband med at kyrkjene både i Hemsedal og Gol kunne feire 100 år. Både eksteriør og interiør frå begge kyrkjene vart presentert i fargar.

I spiret på Gol kyrkje står det rett nok 1881, men kyrkja stod truleg ikkje fullt ferdig før året etter. På dåpsfatet i kyrkja står årstalet 1882.

Kyrkjene i Hemsedal og Gol vart begge vigsla av biskop C. Essendrop i 1882, Hemsedal kyrkje 7. juni og Gol kyrkje 8. juni.

TILBAKEBLIKK: KJELL SLÅTTEN

GOL OG HEMSEDAL KYRKJEBLAD

11

PROGRAM

for jubileumsdagen i Gol
31. mai 1982


GOL KYRKJE
100 ÅR

KL. 11.00: Gudsteneste.
Forrettande prestar: Biskop Dagfinn Hauge, prost Leif Einarsen og soknepresten.
Korsong: Gol Menighetskor, Gol Blandakor, Gol Barnekantori.
Trompet: Oddbjørn Larsen.

Medlemer av Gol skulemusikk og Gol musikklag spelar ved kyrkja frå kl. 10.40.

KL. 13.00: Middag i Gol Samfunnshus.
Proløg ved Gudrun Bothun.
Musikk ved Østein Holtmon.
Orientering av form, i nemndna for jubileumsboka, Halgrim Ulsaker.
Helsingar.

KL. 15.30: Festmote i Gol kyrkje.
Tale av prost Leif Einarsen.
Musikk: Gol skulemusikk, Gol musikkklag.
Korsong: Gol Blandakor, Gol Menighetskor.
Helsingar ved biskop Dagfinn Hauge m. fl.



Gol kyrkje.

Foto: H. Strand (eksteriør), O. Skredsgård (interiør).

Kirken den er et gammelt hus,
Står om enn tårnene faller;
Tårner full mange sank i grus,
Klokkes enn himer og kaller,
Kaller på gammel og på ung,
Mest dog på sjelen trent og tung.
Syk for den evige hvile.

Fonten oss minner om vår dåp,
Altret om nadverdens nåde,
Alt med Guds ord om tro og håp
Og om Guds kjærlighets gåe,
Huset om ham huis ord består;
Kristus, idag alt som igår,
Ewig Guds Sønn, vår gjenløser.

Fidunderlig av alt på jord
Er Jesu Kristi rike,
Dets herlighet er og så stor
At det har ingen like.

Dets gåte er et gudsoms ord
Som shaper hvad det nevner,
Som fyller daler trint på jord
Og høiene utjever.

Dets gjans går op som aks i vang,
Som vår i visne lunde,
Ja præktig som med fuglesang
Guds sol ved morgenstunde.

Gol kommune spanderar middagen. Bondekvinnelagsa i Gol ordnar serveringa og spanderar blautkake.

På grunn av serveringa må alle som ynskjer å delta ved middagen gi melding til ein av desse innan 24. mai:

Ola V. Stake, tlf. 77 319.
Olav Bronstad, tlf. 74 307.
Ola I. Bjørnebråten, tlf. 74 832.
Sigrid Jorde, tlf. 74 794.



Sundag morgen 25. november i Gol kyrkje.
Fv. Kornelia Bergun Sporsheim, Guri Flatland,
Ingvild Orset Svello (ungdomsleiar),
Sigrid Smøttebråten Brøto og Angelica Jordheim

TEKST OG FOTO: BRITT MARIE HARALDSET HAFSÅS

Lys vaken i kyrkja

5.-klassingar i Gol og Hemsedal kom til kyrkjene laurdag ettermiddag før jul. Her skulle dei syng, leike, planlegge gudsteneste, ete, drive med hobbyaktivitetar, be, høyre bibelforteljing – og dei fleste skulle sove der.

Lys vaken handlar nemleg ikkje om at vi ikkje skal sove, men det handlar om å vere lys vaken for det som skjer i oss og rundt oss. Vi kan vere lys vakne for kvarandre, for verda og for Gud.

«Kor skal vi sove?» Spørsmålet kjem ganske fort, og svaret er jo ikkje heilt klart, det er jo tross alt ikkje ei tydeleg soveavdeling i kyrkjerommet... Nei, her må ein ta til takke med gulvet i kyrkjeskipet eller koret. «Ikkje inne i alterringen, men elles er det ganske fritt val her nede i dette rommet.» Nokon vil helst ligge langt framme, andre midt i midtgangen, andre igjen godt inni ein krok.

Når ein skal legge seg, kjem ei ny utfordring: Nokon vil ha det mørkt for å få sove, andre vil ha lyset på. Men no er det no slik at dagens kyrkjer er flombelyste, så heilt mørkt blir det no ikkje... Akustikken er og litt annleis enn på soverommet heime, det er umogleg å ikkje høre lyden av nokon som snur seg i soveposen på ein luftmadrass. Likevel senkar roen seg, og etter kvart ligg alt til rette for å sove til neste morgen, om ikkje det er heilt som å sove i senga si heime...



Lys vaken for verda. I Hemsedal var det fokus på klima og vi hadde ein liten scenografi som sette i gang tankane.



Stort engasjement under gudstenesteplanlegging i Gol







Kveldstur til stavkyrkjetomta i Gol. Vi fekk ikkje stjerneklar himmel i år heller...



...men det er anna å sjå på, på stavkyrkjetomta

Neste dag er det «opp og hopp» igjen. Frukost skal etast, kyrkja skal ryddast – det skal gjerast klar til gudsteneste. Alle skal øve og førebu seg på ulike oppgåver, nokon skal lese, nokon skal samle inn kollekt og alle skal vere med å synge. Så er alt klart og kyrkjelyden tek plass i benkane. Etter gudstenesten er det kyrkjekaffi og takk for no, og så såv nok alle veldig godt neste natt...



Musikarar og songarar
frå bygda bidrar.

Gratis! Gje gjerne ei
gåve til misjonsprosjektet
i Nepal

KONSERT TIL INNTEKT FOR NEPAL
30. MARS KL.1800
HEMSEDAL KYRKJE

**Trusopplæringa søker etter
«ekstragommo»/ «ekstragoffa»**
som vil vere med og hjelpe til i aktivitetar,
det kan vere å koke kaffi, synge, hjelpe i aktivitetar,
fortelje eller berre SJÅ ungane som er med og vere
med å passe på dei.
Noko på dagtid, anna på kveldstid og i helg. Vere med lite,
eller mykje. Noko for deg eller nokon du kjenner?
Ta kontakt med Britt Marie – 951 22 136

Kyrkje-valet 2019

Me vil berre minne om valet til hausten og arbeidet med nominasjon som så smått er kome i gang. Hemsedal har sin nominasjonsnemnd, og nytt dette valet er at Gol og Herad har felles nominasjonsnemnd etter som det blir eit samla sokneråd frå dette valet.

Det er høve til å stille alternativ liste der som minst 10 personar med røysterett i soknet søker Kyrkjerådet om dette innan 1. mars.

Innan 30. april må alle listeforslaga vera klare. Gol og Herad skal ha 8 medlemer og 5 vara – det vil seia MINST 13 namn på lista. Hemsedal skal ha 6 medlemmer og 5 vara. Nominasjonsnemnda i Hemsedal har alt klar ei liste med 12 namn.

Likeins treng me kandidatar til Bispedømeråd/Kyrkjemøtet. Dei seinare åra har Hallingdal hatt eitt medlem (pluss ein lek tilsett!). Me ser det vel sterkt ynskjeleg at Hallingdal er representert med minst ein.

Dette kan du finne meir om ved å sjå på www.kyrkjeval 2019. Då vert du kjapt overført til kirkevalg og informasjon på 95% bokmål.

Vi ser gjerne at du melder deg til teneste, eller «angir» ein nabo! Ta gjerne kontakt med kyrkjekontoret på Gol eller ein i soknerådet om du har spørsmål kan du tenke deg å stille til val eller har nokon du ynskjer skal stå på lista.

- *Kyrkjeverjene i Gol og Hemsedal*

Årsmøte i kyrkjebladet

TEKST: KRISTINE VIKO

Til stede:

Styret:

Birgit Kristin Rust
Laila Andersen Bakke
Endre Ulsaker
Redaksjonen:
Kjell Slåtten
Kjetil Storebråten
Gunnar Rudningen
Kristine Viko
Sølv Lansen Aalrust

Kasserar

Arne Oddmund Tuv

Sak 1- årsmelding for 2018

I 2018 var det første gang kyrkjebladet ble trykt med 16 sider. Redaksjonen mister 2 medlemmer og derfor er på utkikk etter nye. Annonsene inntektene gjør at det holdes en stabil økonomi. Posten Norge distribuerer kyrkjebladet, men det har vært et par tilfeller der innbyggere ikke har fått bladet. Nå samarbeider kyrkjebladet med Halligdal Trykk, siden Gol Grafiske er lagt ned.

Sak 2- regnskap for 2018

Det var 563 personer som betalte giro i 2018. 2017 var et veldig godt år, 2018 var litt dårligere enn året før, men det går fortsatt i overskudd. Trykking er den største utgiften. Det er en nedgang når det gjelder gaveinntekter, men annonsene inntektene gjør at vi går i pluss.

Et forslag for å få inn mer bladpenger er å få engasjere konfirmantene i kyrkjebladet slik at foreldrene vil betale bladpenger, og håpe på at de vil fortsette etter at konfirmantiden er over. Et annet forslag for å få inn mer bladpenger er å ha en vippskonto der folk kan sende inn penger.

Sak 3- evaluering av kyrkjeblad

Det er bra med bilder i bladet, noe som gjør at flere leser bladet. For å øke antall leser kan bladet legges ut flere steder, som for eksempel på Rema 1000, venterom hos tannlegen eller resepsjon på kommunehuset. Annonsene blender fint inn i bladet og det er ingen som har klaget på dem.

Kjære leser!

Bladpengane for Kyrkjebladet er også i år sett til 270 kroner. Det er frivillig å betale, men me ber innstendig om di støtte. Du kan bruke giroen du finn vedlagt i dette nummeret, eller du kan nytte Vipps, med nummer 552440.

Alt arbeid med bladet fram til trykking, blir gjort som dugnad. Men både trykking og distribusjon kostar. Me er difor heilt avhengige av at MANGE betaler bladpengar for å kunne halde den same standarden på bladet. Du er også velkommen til å plusse på beløpet om du føler for det.

På førehand hjarteleg takk!

Innsetting av ny Prost i Hallingdal Prosti

Sveinung Hansen begynner i stillingen som Prost i Hallingdal Prosti mandag 13. mai.

Han vil bli innsatt i stillinga med ei gudstjeneste i Ål kyrkje sundag 19. mai.

Biskopen i Tunsberg deltek.

TEKST: KJETIL TH. STOREBRÅTEN FOTO: UNNI TOBIASSEN LIE





TEKST & FOTO: LUDVIG MUNKEJORD

Litt frå kyrkjene i Gol

Det har i den seinare tida, eller rettare sagt det siste året, vore ein del anleggsverksemid i kyrkjene i Gol. Mykje av dette handlar om brannsikring. Kyrkjene representerer veldig mykje historie, tradisjon og identitet – og det er det veldig viktig å ta godt vare på.

I Herad kyrkje har det i fleire år vore i drift eit sprinklingsanlegg som skal hjelpe til med å sløkkje ein eventuell brann som måtte oppstå i tårn og loft. Dette anlegget har me hatt mykje utfordringar med for å kunne ha stabil og sikker drift. Derfor vart heile systemet gjennomgått og utbetra

i fjor sommar. No er alt på stell – og så håpar me at det aldri kjem dit at det må takast i bruk for å sløkkje brann!

I Gol kyrkje er det mykje meir omfattande å få eit slikt anlegg montert og opp å gå. Her driv me på fortsatt og reknar med å ha dei mest kritiske delane av bygget dekt med sprinkling om ikkje så lang tid.

Ein annan ting er at me har montert ledelys i kyrkjene. Dette kom som eit pålegg etter eit branntilsyn. Det skal hjelpe oss i å kunne finne vegen ut sjølv om straumen er borte. Det var eigentleg ganske

interessant å observere at det fungerte bokstavleg talt strålande ein sundag i Herad kyrkje i haust då straumen forsvann ei stund under gudstenesta.

Aller sist må me nemne noko om varmestyringa. Nokon har opplevd arrangement i Herad kyrkje i haust der temperaturen har vore alt anna enn høg nok! Etter ei tid med å leite etter problemet i desse teknologitider, så har me no funne ut av det. No er det forhåpentlegvis godt og varmt å vere på gudsteneste, både for kropp og sjel!

**28. februar kl. 19.30
i Hemsedal Kyrkje**

Orgelkonsert

KONSERT TIL INNTEKT FOR REHABILITERING
AV KYRKJEORGELET I HEMSEDAL KYRKJE

Din gave blir tatt imot med stor takknemlighet og belønnet med en konsert for sponsorer i løpet av 2019.

**Kollekt ved utgangen etter konserten
Donasjoner til konto nr. 2320.17.26824
Vipps: 105608**

Vil du bli sponsor med en fast gave til orgelet kan du bli medlem av «Venner av Nilsen orgelet»

Ta kontakt med Kjellaug Solbakken
Tlf. 913 82 095 - kjellaug.solbakken@gmail.com



**DEN NORSKE KYRKJA
HEMSEDAL**

Bli med på søndagstur!

Ein søndag i månaden arrangerer Hemsedal kyrkjelyd ein søndagstur.



Søndagsturane er for både små og store! Turane går til ein plass der ein kan gjøre ein aktivitet (feks. ski, ake, gå, klatre)

Vi går tur, leiker og kosar oss rundt bålet.

Ta med mat eller grillmat til bålet, varme klede og utstyr til aktivitetar (ski, akebrett, leiker osv.).

Dato våren 2019:
13. jan, 24. feb, 17. mar,
28. apr, 19. mai, 9. jun.

For meir informasjon kontakt
Synnøve Vågen Venås på 980 43 338!

**SpareBank
HALLINGDAL VALDRES**



**Du finner oss i hele Hallingdal
Flå - Nesbyen - Gol - Hemsedal - Ål - Geilo**

sb1.no • tlf. 915 03 202

Dåpskjolar til utlån

Ynskjer dykk å døype barnet, men har ikkje ei dåpskjole tilgjengeleg?

Gol, Herad og Hemsedal kyrkjelyd har no to dåpskjolar som ein kan låne ut til dåp. Vi har vore så heldege å få låne to dåpskjolar av Ellen Bekkevold og Ragnar Nils Hulbaklien. Takk for lånet!

Ta kontakt med kyrkjekontoret i ditt sokn, dersom dykk er interessert i å låne ei dåpskjole.

Velkommen til dåp!




Johannes-monologen

Av og med Sigurd Dahle

Sigurd Dahle kjem frå Ål og har som hobby å lære bibelvers utanåt. For nokre år sidan framførte han heile evangeliet etter Lukas. Til Hemsedal kjem han med Johannes-monologen.

Velkommen til ei flott forestilling der Bibelens står i fokus.



Hemsedal Kyrkje
Sundag 14. april Kl. 19-20

VANN FORANDRER ALT

RENT VANN TIL SOMALIA OG ANDRE UTSATTE OMRÅDER

Klimaendringene rammer først de som er i ekstrem fattigdom.

Somalia er en av de verdens fattigste land. I 2010-2012 ble landet rammet av en alvorlig tørke, og hungersnøden tok livet av nærmere 260.000 mennesker. Dette skjedde delvis fordi hjelpen kom for sent. Det er en ny tørkekatastrofe som pågår i dag. I fire år har det nesten ikke regnet. 4 millioner mennesker trenger nødhjelp nå. Denne gangen kan hjelpen ikke komme for sent.

Kirkens nødhjelp har arbeidet i Somalia i 70 år, og har bygd opp et direkte linje mellom oss og de som trenger hjelp. Vi kan være med å holde den direkte linjen levende og sterkt. Husk fasteaksjonen 7.-9. mars!

Konfirmantene og foreldre kjører rundt med innsamlingsbøsser:

Hemsedal 7.-9. mars | Gol og Herad 9. mars kl. 17.00



**FASTEAKSJONEN
7.-9. MARS 2019**

Vipps, SMS
(GAVE) 2426
(200 kr)



KIRKENS NØDHJELP
actalliance

Nye bønnekrukker til Herad kyrkje og til Gol kyrkje

«Be, så skal dere få. Let så skal dere finne. Bank på, så skal det lukkes opp for dere.»
Mat.7
«Kall på meg på nødens dag.» Salme 50

«Be og takk for alle mennesker. Be for konger og alle som har høy stilling. Dette er rett og godt for Gud, vår Frelser. Han som vil at alle mennesker skal bli frelst.» 2.Tim.2

Det finnes mange andre ord i bibelen om bønn og forbønn. Bønn er både en gave til oss og en oppgave for oss. Bønnen er sentral i kirkens liv og virke. Bønn er basis i alt arbeid i menigheten. Bønn er rop til Gud, i glede og takk, i krise og hjelpløshet.

Kirken på Rikshospitalet har fått en sentral plass på sykehuset. En hel mursteinsvegg i kirken er fylt med bønnelapper som mennesker har skrevet og "ropt" til Gud i fortvilelse, håpløshet og smerte. Kirken er alltid åpen, og en kan gå inn og be, tenne lys eller bare være i Guds nærhet. Det er vanskelig å finne plass til en ny bønnelapp i den mursteinsveggen.

Vi kan få komme til kirken og «legge alt vi har på hjertet fram for Gud i bønn», og «legge av alt som tynger» og er vanskelig. Vi kan bli motløse, da kan vi få gå inn i kirken og hente hjelp, nytt håp og en ny start for livet. Eller vi vil takke når vi er fylt av glede og takknemlighet.

- Bønnekrukken vil stå synlig framme når kirken er åpen, ved gudstjeneste, begravelse, bryllup ...
- Alle kan skrive bønnelapper og legge i krukken.
- Bønnekrukken blir tatt fram til alteret i gudstjenesten, "løftet" opp til Gud og bedt for.



TEKST OG FOTO: MARTHA FRØYLAND

- Bønnelappene er anonyme, og når bønnekrukken er full og må tømmes, blir lappene makulerete.
- Hvis en har et bønneønske som en vil at presten skal be høyt for under gudstjenesten, kan dette avtales med prest eller diakon.

Bønnekrukkene er laget av Egil Halleland, tidligere ansatt som familieterapeut ved Modum bad og leder for Rask psykisk helsehjelp i Modum. Han har bl.a. laget bønnekrukkene til Olavskirken på Modum. Staben og soknerådene i Gol og Herad er takknemlige for gavene vi har fått, og ønsker at bønnekrukkene blir brukt og behandlet med respekt.

Vi vil informere om bønnekrukkene og ta dem i bruk i gudstjenesten i Herad kirke søndag 10. mars og i Gol kirke søndag 17. mars.

Vi håper og ber om at bønnekrukkene skal bli til velsignelse for alle som bor i Gol og Herad!

SOLSTAD
HOTELL
MOTELL - KAFETERIA - 3550 GOL
Med den gode stemningen!

Blomsterspira

Vi har stort utvalg av planter og snittblomster og vi utfører alt av binderi til alle anledninger.

Du finner oss under SPAR, Gol 908 870 28 - blomsterspira@gmail.com

Blomsterspira Blomsterspira

15. mars kl. 20.00
i Herad kyrkje

Konsert med Camilla Lou

Vokalist og låtskrivar Camilla Skredderberget m/band

Pris: Voksen kr. 200 - Student kr. 100,-

På tide å tenke på sommaren!

Kva med ein LEIR?
Det er mykje gode, kristne sommarleirar å velje mellom!

Sjekk for eksempel ut:
www.acfa.no/leirer www.krik.no
www.sginfo.no www.spektorfestival.no

Hugs at det er mogleg å søke kyrkja om å få dekka inntil halve leirutgifta for barn og unge!



KRIK
KRISTEN IDRETTSKONTAKT

KUNNGJERINGAR

DØYPTE

Herad kyrkje:

02.12.18 Jenny Uren Hyrve
02.12.18 Oscar Stene Hansen

06.01.19 Jonas Langehaug Evjen
06.01.19 Hans – Erik Opheim Modalen

20.01.19 Maren Moen Haugstad
20.01.19 Oliver With- Bjerkerud

Hemsedal

13.01.19 Mathilde Thorsnes von Tangen
13.01.19 Sunniva Dahl Hølto
27.01.19 Engebret Solbakken

Kyrkjebladet minner om

Innsamlingsaksjonen til restaurering
av kyrkjeorgelet i Hemsedal.

Ynskjer du å bidra til å vedlikehalde det
unike, gamle A.Nielsen-orgelet, så gje di
gåve til konto nr.: 2367.20.49482

Kan du tenkje deg å vera klokkar i Gol kyrkje?

Det er ein jobb som er løna med 3 timer
pr. gudsteneste og i snitt ein gudsteneste
annakvar månad.

Er dette noko for deg?

For meir informasjon ta kontakt med
kyrkjeverje Anne Gerd Jorde
mobil nr.: 971 58 134

VELKOMEN TIL HEMSDAL SØNDAGSSKOLE

Våren 2019 har vi disse samlingene:

6. januar

20. januar

10. febr. Tårnagentgudstj. i Kyrkja kl. 11
17. febr.

3. mars SKIRENNET på Gravset

10. mars Gudstj. i Kyrkja kl. 11 med
utdeling av 6-årsbok

17. mars

31. mars

28. april

Samlingene er på Kyrkjestugu kl. 10-11
for alle barn som er 4 år.

Det blir TEMASØNDAGSSKOLE for
5.-6.-7. klasse i tillegg til den vanlige
søndagsskolen.

Helsing Sebjørg - Hallgeir - Marry
Marte - Oddbjørn

VIGDE

Herad kyrkje:

19.01.19 Helene Ågotnes og
Geir Simonsen
19.01.19 Guro Storebraaten og
Geir Erland Kolbjørnsrud

Harahorn kapell

08.12.18 Sigrid Anna Grøthe og
Stein Arnegard

NESTE KYRKJEBLAAD

Nr. 2/2019 kjem ut i uke 14
Stoff sender ein til: oaalrust@online.no
innan 7. Mars

OPEN KYRKJE

12, 19, 26 mars og 2 april
Mellan kl. 19.00 og 20.00

Taizebøn kl 20.00

| stillheit | lys | bøn |
| meditativ sang | fellesskap |

VELKOMEN

HEMSDAL KYRKJE

BIBELEN

er ei bok full av
spennande forteljingar...



Bli med på KODE B-samlingar der
me utforskar BIBELEN gjennom
forteljing, leik og aktivitetar...

Gol bedehus:

For 6.-klassingar onsdagar 13.20-14.25
6. mars, 13. mars, 27. mars og 10. april

Hemsedal kyrkjestugo:

For 6. og 7. klasse - 3. mai, 8. mai, 10.
mai og 15. mai kl 13.30-15.00

Spørsmål og påmelding:

Britt Marie -Tlf. 951 22 136
britt-marie.haraldset-hafsas@gol.kommune.no

DØDE

Gol kyrkje:

11.12.18 Reidun Cecilie Rygg f.1948
14.12.18 Birgit Magnussen f.1937
16.12.18 Kari Snøtun f.1933

Herad kyrkje:

04.12.18 Michael Heinz Hoffmann f.1967
26.12.18 Knut Olav Bjørøen f.1930

Hemsedal Kyrkje

30.11.18 Margit Thorshaug f. 1943
14.12.18 Kari Magnetun f. 1933
04.01.19 Kjell Syversbråten f. 1941

GOL BEGRAVELSESBYRÅ AS

Bente Andreassen - Vakt tlf. 480 234 77
www.golbb.no

HEMSDAL GRAVFERDSBYRÅ

Olav Støyten og Hans Vidar Sørensen
Tlf: 97 41 41 00

JØLSTAD HALLINGDAL GRAVFERDSBYRÅ AS

Steinar Aa - Vakt tlf: 32 08 23 00
www.hallingdalgravferd.no

Velkommen til Ope Hus i Hemsedal

Tysdager på Kyrkjestugo kl. 11:

Dataar for Ope hus våren 2019:
5. februar, 5. mars, 2. april,
7. mai og 4. juni

Velkommen til fellesskap med god
bevertning. Det vart temasamling
og «Ord på vegen».

Hilsen "Ope hus"-komiteen

Åpent hus

formiddagstreff på Gol bedehus

Kl. 11.00-13.30

28. februar - Andakt og fortelling fra
misjonsarbeid ved Gunvor Kreken

28. mars - Andakt ved Jan Olav Skinnemoen
Vi spiller et gammelt misjonsspill.

25. april - Andakt ved Marit Løyte Hansen
Tema: Torsdagstreff ved Gunhild Sørum

23. mai - Andakt og musikk ved
Guri Ekse og Sigrunn Karslegard

Hjertelig velkommen!
Hilsen Åpent hus-komite og
diakoniutvalget på Gol og Herad.

VELKOMEN TIL KYRKJE!

3. februar– 5. søndag i openberringstida

GOL KYRKJE KL.11.00

Skinnemoen. Nattverd. Takkoffer: Kristent arbeid blant blinde (KABB)

KYRKJESTUGO KL.16.00

Søndag for alle

10. februar – 6. søndag i openberringstida

HEMSEDAL KYRKJE KL.11.00

Tårnagentane deltek. Osnes. Hafsås.

Takkoffer: Misjonsprosjektet i Nepal

HERAD KYRKJE KL.19.00

Nattverd. Osnes. Takkoffer:

Sjømannskirken

17. februar– Såmannssøndag/ Bibeldagen

GOL BEDEHUS ELLER FRELSESARMEEN

KL. 11.00

Felles gudsteneste. Kirka, Normisjonen og Frelsesarmeen. Skinnemoen.

Munkejord. Espeset,

Takkoffer: Bibelselskapet. Kyrkjekaffe

24. februar– Kristi forklæringsdag

HERAD KYRKJE KL.11.00

Nattverd, Osnes.

Takkoffer: Bibelselskapet

HEMSEDAL KYRKJE KL 19.00

Nattverd. Skinnemoen. Takkoffer: IKO

28. februar – torsdag

HEMSEDAL KYRKJE KL. 19.00

Orgelkonsert til inntekt for rehabilitering av orgelet.

Peter, Mikael m/flere

3. mars– fastelavnssøndag

GOL KYRKJE KL. 19.00

Salmekveld. Frøyland/ Vickery

KYRKJESTUGO KL.16.00

Søndag for alle

10. mars – 1. søndag i fastetida

HERAD KYRKJE KL.11.00

Skinnemoen. Takkoffer: Anne Berit

Lagsmannsgård

HEMSEDAL KYRKJE KL. 11.00

Gudsteneste for små og store.

Osnes. Hafsås. 6 års bok. Takkoffer:

Bibelselskapet

HEMSEDAL KYRKJE KL. 12.15

Kyrkjelydens årsmøte

15. mars –fredag

HERAD KYRKJE KL. 20.00

Konsert med Camilla Lou

17. mars–2. søndag i fastetida

GOL KYRKJE KL. 11.00

Gudsteneste for små og store.

Nattverd. 6 års bok. Gullrekka.

Skinnemoen. Hafsås.

Takkoffer: Søndagskolen i Buskerud krets 100 år

GOL BEDEHUS KL. 19.00

Årsmøte/fest for Gol og Herad

24. mars– Maria bodskapsdag

GOL KYRKJE KL. 11.00

Skinnemoen. Takkoffer: Kyrkjebladet

HEMSEDAL KYRKJE KL.11.00

Nattverd. Osnes. NMS deltek.

Takkoffer: Kyrkjestugo

30. mars – lørdag

HEMSEDAL KYRKJE KL. 18.00

Konsert til inntekt for misjonsprosjektet i Nepal.

Ragnhild Jordheim.

31. mars– 4. søndag i fastetida

HERAD KYRKJE KL.11.00

Samtalegudsteneste. Nattverd. Osnes.

Takkoffer: Changemaker, Kirkens

Nødhjelp

7. april– 5. søndag i fastetida

KAMBEN KAPELLTOMT

Skinnemoen. Skitur etter gudstenesta

KYRKJESTUGO KL.16.00

Søndag for alle

14. april– Palmesøndag

HERAD KYRKJE KL.11.00

Nattverd. Osnes. Takkoffer:

Kyrkjelydsarbeidet

HEMSEDAL KYRKJE KL. 19.00

Johannesmonolog v/Sigurd Dahle

18. april– Skjærtorsdag

LYKKJA KAPELL KL.11.00

Nattverd. Skinnemoen. Takkoffer:

Lykkja kapell

BYGDAHEIMEN KL.13.30

Andakt med nattverd. Skinnemoen

GOL KYRKJE KL.18.00

Nattverd. Skinnemoen. Frøyland.

Takkoffer: Diakoniarbeidet i

Kyrkjelyden

Måltidsfellesskap

19. april– Langfredag

GOL KYRKJE KL.11.00

Osnes.

HEMSEDAL KYRKJE KL.19.00

Osnes.

OSET KAPELL KL.21.30

Osnes.

21. april– Påskedag

GOL KYRKJE KL. 10.00

Skinnemoen. Takkoffer:

Misjonsalliansen

LYKKJA KAPELL KL.11.00

Påskeandakt. Osnes.

Takkoffer: Lykkje kapell

SØRÅSEN KL.13.00

Friluftsgudsteneste ved fjellet «Kyrkja», ca 18 km fra bommen i Herad på vegen over til Bagn. Skinnemoen

HEMSEDAL KYRKJE KL.17.00

Osnes. Takkoffer: Misjonsprosjektet i Nepal

28. april– 2. søndag i påsketida

GOL KYRKJE KL.11.00

Samtalegudsteneste. Nattverd.

Osnes, Skinnemoen. Takkoffer:

Konfirmantkapper

5. mai–3. søndag i påsketida

HERAD KYRKJE KL.10.00

Konfirmasjon. Osnes. Takkoffer:

Konfirmantarbeidet

HERAD KYRKJE KL.12.00

Konfirmasjon. Osnes. Takkoffer:

Konfirmantarbeidet

KYRKJESTUGO KL.16.00

Søndag for alle

11. mai – lørdag

GOL KYRKJE KL. 11.00

Konfirmasjon. Skinnemoen. Takkoffer:

Konfirmantarbeidet

12. mai – 4. søndag i påsketida

GOL KYRKJE KL. 11.00

Konfirmasjon. Skinnemoen. Takkoffer:

Konfirmantarbeidet

Støtt kyrkjebladet på

vipps

552440

Vipps-nummer



Soknepresten i anna «kyrkjelyd»

Som ihuga fotballsupporter skaffa eg cupfinalebillettar då Rosenborg skulle spele. Då ikkje mannen min kunne vere med, var ikkje Jan Olav sein å be om å overta den ledige billetten. Det skulle bli ein morosam og lærerik dag på Ullevål 1. sundag i advent.

TEKST OG FOTO: BRITT MARIE HARALDSET HAFSÅS

Vi møttes utfor inngang 14 i VG-svingen. Jan Olav kom i følgje med søster Målfred og familie – dei var på veg til Godset-tribunen. Spenningsnivået var stort, men humøret bra. Konkurranseinstinktet er kjend i familien Skinnemoen. Som drammenser er det vel ikkje berre greitt for Jan Olav å halde med Rosenborg, men han har ein liten trønder i seg.



Kyrkjelydspedagog Britt Marie Haraldset Hafsaas og sokneprest Jan Olav Skinnemoen koste seg på tribuna på Ullevål

Vi ynskja kvarandre lukke til, og Jan Olav og eg klatra opp trapene til plassane nesten øvst under taket, med utsikt over ei grøn matte og spelarar i oppvarming. Ein kjendis i kvar sving, rapporterar på storskjerm og manar supportarane til kamp. Ikkje at det trengs, her er liv og stemning. Kring 20 minutt før kampstart kjem «Eit bilde tårn lvers» på høgtalaranlegget. Rosenborgsupportarane reiser seg. «Skal vi reise oss nå? Jeg kan ikke denne liturgien», seier Jan Olav. Han kjem seg opp, med Rosenborg-skjerfet over hovudet, og byrjar ane korleis kyrkjeframande har det på gudsteneste. Han kan ikkje «salma», men lærer refrengen undervegs og syng med etter beste evne. Det skal kome fleire ukjende sangar og tilrop gjennom kampen, enkelte lettare å henge med på enn andre, men det er jo ikkje berre song – det er nokre armrørsler og klapping som skal passe

innimellom. «Hele stadion»-ropet fell i smak for Jan Olav – det hadde gjort seg i kyrkja! «Heile kyrkjå!» og så tre klapp – «heile kyrkjå» - klapp, klapp, klapp... Ein annan ting han drøymer om å ta med til eigen kyrkjelyd er at alle syng av full hals heile tida. Og så er det jo morosamt med dei flagga som ein vaivar med på fremste rad under heile kampen, men dei ville kanskje bli forstyrrande i gudstenesten?

På bana gjer spelarane sitt beste, i håp om å kunne kalle seg norgesmeistrar etter kampen. Strømsgodset trår til frå start og får første scoringa. Ein augneblink er det stille i svingen. Så trår supportarane til igjen i håp om at Rosenborg skal slå tilbake. Det gjer dei ikkje så lenge etterpå, og før pause blir det 0-2-1. I andre omgangen kjem 3-1, og på overtid set Niklas Bendtner punktum med 4-1. Stemninga på tribuna er stor, jubelen bryt laus. Cupgull er framleis moro!

Det er ikkje fyrste gongen fotballsupportarar vert samanlikna med ein kyrkjelyd og Jan Olav lærte litt gjennom kampen – soknepresten saknar kanskje noko av det same engasjementet i kyrkja heime på Gol?

